



Helge Rød As  
Hansdalsvegen 3  
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 23/1355 - 23/11384

Saksbehandlar:  
Marit Nedreli  
marit.nedreli@osteroy.kommune.no

Dato:  
22.05.2023

## Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 141/3 Burkeland

Tiltak: Riving av delar av bustadhus og oppføring av ny einebustad  
Eigedom: Gbnr: 141/3  
Tiltakshavar: Vegard Hoel Århus  
Ansvarleg søkjar: Helge Rød As

Kommunen syner til søknad motteken 02.05.2023.

Ny einebustad er søkt plassert i område avsett til LNF-føremål, jf. arealdelen i kommuneplanen.

Det er i søknaden synt til dispensasjonsløyve for oppretting av ny grunneigedom.

Plan- og kommunalteknisk utval har i møte 25.01.2023 saksnr. 005/23 gjort fylgjande vedtak:

### **PL - vedtak:**

**Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 nr. 5 bokstav a til frådeling av eksisterande bustadhus på gnr. 141 bnr. 3, jf. plan- og bygningslova § 19-2 som omsøkt"**

**Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje tilsidesett. Etter ei samla vurdering er fordelen med å gje dispensasjon større enn ulempe.**

**Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:**

**Hovedbruket kan ikkje frådele fleire parsellar eller oppføre fleire bustadhus etter dette.**

**Hovedbruket skal ha tinglyst vegrett over parsellen.**

**Utvalet har vore på synfaring. Eigedomen har ikkje noko eiga drift i dag og det er 2 bustadhus på garden. Tomta er opparbeidd og dermed bandlegg ein ikkje ytterlegare areal på eigedomen ved å gje løyve til frådelinga.**

**Dette er ei bærekraftig løysing som sikrar gjenbruk av arealet.**

**Omsøkte løysing vil gje ei driftsmessig og arronderingsmessig god løysing for avgjevarbruket.**

Utvalet har gjeve dispensasjon til frådelling av eksisterande bustadhus. Kommunen kan ikkje sjå at det er søkt om eller gjeve dispensasjon til oppføring av ny einebustad på den nye eigedomen. Tiltaket er i strid med gjeldande arealplan, og det er krav om dispensasjon frå arealføremålet til oppføring av ny einebustad.

### **Mottakskontroll**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig. Kommunen ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om dispensasjon frå arealføremålet i arealdelen i kommuneplanen til oppføring av ny einebustad, jf. plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 nr. 5 bokstav a, jf. § 19-1.
2. Planteikningar- og snitteikning av eksisterande bustadhus.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 19.06.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka vurdert avvist.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei tilhøva som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Kommunen oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslått. For meir informasjon om gebyr sjå kommunen sine nettsider <http://www.osteroy.kommune.no>

Med helsing

Tore Johan Erstad  
leiar

Marit Nedreli  
fagansvarleg byggjesak

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Helge Rød As	Hansdalsvegen 3	5281	VALESTRANDSFOSSEN
Vegard Hoel Århus	Loftåsvegen 95	5281	VALESTRANDSFOSSEN